

## 8 Samtalen som rom for å utvikle fagleg praksisfellesskap

Av Atle Skaftun, Nasjonalt lesesenter, UiS, Språkløyper.no. 2024.

**Forslag til lesemåte:** Gå i grupper på 3-4 og fordelt roller (a, b, c og ev. d). A les første avsnitt høgt. Deretter kommenterer b kort, gjenfortel eller stillar spørsmål til det som blei lese. C og d lyttar. Deretter vert rollene endra slik at b les høgt, c kommenterer e.l. mens d og a lyttar.

*Praksisfellesskap* er eit omgrep som rommar ein heil teori om den forma for læring som føregår på eit meir eller mindre spesifikt område i sosiale situasjonar - sosialt situert læring, kaller ein det gjerne. Det spring ut av studiar av læring i ei rekke praksisfelt, kor nykomrarar til feltet blir godtatt og styrt inn på ein utviklingsbane som leiar dei innover mot kjernen i praksisen, slik det er vanleg for lærlingar som arbeider saman med faglærte fram til dei sjølv blir anerkjende som utlærte i faget. På vegen blir det nye medlemmet i fellesskapet kjent med verdiar, tanke- og handlingsmønstre, og prosedyrar og metodar som fellesskapet har felles.

Det er mykje klokskap å finne i beskrivingane av etablerte og velfungerande praksisfellesskap, og med litt litterær fantasi så er det også mogleg å betrakte beskrivinga av læring i praktiske yrker som ein tankemodell for læring og undervisning i litteraturfaget. Tre enkle prinsipp kan oppsummerast slik: 1) *frå det trygge til det risikable*; 2) *frå relevans til forståing* og 3) *frå modellering til øving*. La oss forsøke å knytte dei tre prinsippa til litteraturundervisning og til samtalar om litteratur.

1) *Frå det trygge til det risikable*. For det første kan det vere lurt å skape eit læringsmiljø som har høg toleranse for feil tidleg i læringsløpet, samtidig som elevane må få øve på meiningsfulle aktivitetar – som samtalar om tekstar - innanfor den faglege praksisen. Omsett til litteraturundervisinga kan vi sjå føre oss spenninga mellom *teksten til eleven* og *teksten til læraren*. Med “*teksten til eleven*” meiner vi den forståinga elevane sit på som er forankra i deira kvardagserfaringar, og med “*teksten til læraren*” den forståinga av teksten som er forankra i det faglege fellesskapet, og som dermed i ein forstand er meir fagleg korrekt enn det elevane kanskje tenker om teksten. Lærarens oppgåve blir å balansere mellom å legitimere elevens bidrag som relevante og det å utfordre og vidareutvikle forståinga til eleven i fagleg retning. Tidleg i løpet er det heilt avgjerande å inkludere elevane i det faglege fellesskapet, og å få dei til å sjå at det er ein plass for dei i faget; å få dei på eit spor som peikar innover i det faglege praksisfellesskapet. For at dei skal bli verande på eit

slikt spor, vil det vere avgjerande at dei får utfordringar som er lette nok å meistre, og samtidig vanskelege nok til at dei vert opplevd som meningsfulle utfordringar.

2) *Frå relevans til forståing.* For det andre så er det viktig at elevane ser poenget med det dei gjer og at det er ei forbindung mellom arbeidet og den erfaringa dei har frå før. Ein skreddarlærling veit kva ei bukse er og korleis ho skal brukast, og når han ser at det er ei bukse han lagar, så kan han knytte an til eiga erfaring i arbeidet. Samtidig gjer han seg nye erfaringar i arbeidet som førebur dei til å gå vidare baklengs i produksjonsprosessen, til produksjonssteg som elles ville ha vore vanskelege å sette i samanheng med den ferdige buksa. Lærlingen rygger inn i den nye erfaringa, kunne ein kanskje seie, med blikket festa på samanhengen mellom det dei veit frå før og det som er nytt. Som prinsipp for god litteraturundervisning fortel dette oss dels at elevane må få rikelege anledningar til å lese tekstane med utgangspunkt i si eiga erfaring, slik at tekstane framstår som relevante, dels at dei heile tida må få ny erfaring som peikar innover mot kjerna i faget. Relevans handlar om gjenkjenning, at ein ser ei forbindung mellom noko kjent og noko som er nytt og ukjent. Forståing er og ei form for gjenkjenning. Det handlar om å sjå samanhengar, forbindigar, likskapar og forskjellar, og dermed alltid om ei form for samanlikning; ein forstår alltid noko i forhold til noko anna. I vårt perspektiv kan vi seie at bevegelsen frå relevans til forståing er ein bevegelse frå at elevane skal kunne knytte tekstarbeidet til eiga erfaring utanfor faget, til at dei møter tekstarbeidet med nye erfaringar som dei har fått innafor faget. Denne bevegelsen innover i faget inneber aukande grad av forståing etter kvart som ein får stadig breidare kunnskap og meir inngående kunnskap og erfaring. *Djupneforståing* er noko vi er på veg mot på vegen innover i faget, kan vi seie.

3) *Frå modellering til øving.* Lærlingar observerer gjerne meistaren før dei sjølv praktiserer. Dette prinsippet er godt kjent også i skolesamanheng, gjerne utbygd med stillasbygging som ein overgangsfase til sjølvstendig praksis. Læraren demonstrerer den nye arbeidsmåten, og hjelper elevane etter behov. Eit viktig spørsmål å stille til dagens travle og målstyrte skole er om elevane får nok tid til den viktige øvingsfasen der dei kan ta eigarskap i nye ferdigheter og kunnskapar. Det er i dette landskapet vi vil plassere den gode litteraturundervisninga, der det er mogleg for elevar og lærarar å møtast som *engasjerte* i dei same tekstane i ein *felles innsats* for å nå fram til rike beskrivingar av tekstane, og etter kvart med *felles erfaringar, språk og normer* for å skille det verkeleg gode frå det som ikkje heilt sit. Dersom undervisninga består av for mykje øving på det same og for lite modellering, risikerer vi at elevane mister retninga i arbeidet sitt og blir verande i periferien av faget. Omvendt, blir det for mykje modellering og for lite øving, så fråtek vi elevane moglegheita til å gjere tekstarbeidet til sin praksis. Læraren er ein vegvisar i dette landskapet, og ein fagleg rollemodell.

Omgrepet *praksisfellesskap* høyrer til i ein generell sosial læringsteori.

Litteraturfagleg læring i eit slikt perspektiv handlar om fagleg innhald, pensum og omgrep, men også for ein stor del om å innta ein posisjon i forhold til det faglege fellesskapet. For læraren handlar det om både å ha ein slik fagleg posisjon, og om å bruke han på ein måte som gjer det både mogleg og lystbetont for den enkelte eleven å innta ein slik posisjon. Vegen inn i dette felleskapet startar med anledninga til å engasjere seg i teksten som problem. På vegen vidare i faget forstått som ein samtale i overført tyding, modellerer læraren både engasjement og fagleg djupne. Kanskje vi kan seie at lærarens kunnskap representerer den faglege horisonten?